



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/2644 - 18/5150

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
09.03.2018

## **GBNR 10/22 - Hjertås- Overdending av klagesak til endeleg avgjerd- klage på dispensasjon og løyve på vilkår for bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad**

Saka gjeld klage på vedtak i samband med godkjenning av tiltak på gbnr 10/22 Hjertås.

Klagar: Charlotte Sæle Bønes og Beate Reinertsen Sæle  
Tiltakshavar: Silje Fanebust og Jan Nøkleby

Klagesak vart handsama av politisk utval for drift og utvikling i møte den 6.03.18. Klaga vart ikkje teken til følgje og vert sendt med dette til endeleg avgjerd.  
Saksdokumenta er vedlagt.

Utval for drift og utvikling - 19/2018:

### **Det er gjort følgjande vedtak i saka: UDU-samrøystes vedtak:**

«Utval for drift og utvikling tek ikkje klagen frå Charlotte Sæle Bønes og Beate Reinertsen Sæle til følgje. Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at klagen inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at løyve etter Pbl. §§ 20-1 og 19-2 for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad og dispensasjon på vilkår for plassering av terrasse 1 meter frå nabogrense, på gbnr. 10/22 på Hjertås, av 11.1.2018, saksnr. 04/2018 vert omgjort. Vedtaket vert oppretthalde.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.»

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Larissa Dahl  
Konsulent

Andre mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS, Jan Nøkleby, Silje Fanebust